

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 18

Tilleggsspørsmål nr.

Emne: Juletre og julehalv.

Oppskr. av: Johan Tappur

(adresse): Vikhamar

Fylke: Sør-Trøndelag

Herad: Malvik

Bygdelag:

Gard: Volla

G.nr. 24 Br.nr. 2

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Juletre er vanlig her i bygda, iallfall dei siste seksti år.
2. Kan ikkje svara på når det første gang vart brukt juletre. Men eg antar det er minst 100 år sidan dei mest velberga bønder tok til å bruka juletre.
3. Det var i heimane dei først hadde juletre, sidan på skolen. Første skolejuletrufest vart halde kring 1880 eller litt før. Sidan i lag og foriningar (omkring 1900) i dei aller siste åra i kyrkjeja.
4. I gamal tid var det vanlig og pynta med granbar, einur og lyng i stova, fjøs og stall, og finhakka granbar eller einur på golvet i stova og kjøkken.
6. Juletreet plar vera to meter, eller litt mindre når det er lite rom.
7. I gamal tid var juletreet pynta med små stearinlys (juletruly), lustar, kallar og teivringar av sultekurbakels frå bakeren og eplar. Og nokre utkleipte papirkorgar og likenande. I seinare tid er det berre lys, og pynt kjøpt hos handelsmannen: glitter, unglehår

bomull, flagg m. m.

8. Den som pyntar juletreet kan vera husemora, husefarin, eller nokon av borna.
9. Juletreet står no som regel på ein jule-
trefoot, ein trefors midt hol i midten til
trastammen. Før i tida var det også alminne-
leg og gjera det fast til ein krakke.
10. Juletrulyse vart kende juleaftan, julekvelden,
andrujuledagskvelden, nyttårsaftankvelden
og helligtrekongerskvelden.
11. Der det er born og ungdom går dei rundt
juletreet og syng julesalmar og julesongar.
12. Juletreet vert som regel ståande til over
trettandedag jule.
13. I gamal tid da det var ståande pynt på
treet, vart det hesta nyttårsaftankvelden.
Og da var det husefarin eller husemora som
dette ut tinga til borna, eller borna
fekte ta av treet sjølv etter anvisning av
far eller mor.
14. Her i bygda er gran nytta til juletre
til kvar tid. Det er svært sjeldan sett
opp tre utanfor huset for å ha koruband
i, og slett ikkje i gamal tid.

1. I gamal tid vart det bore inn haln på stovegolvet julekvelden og stelt flatseng for alle hüssets folk, så dei fekk ligga i stova julenatta. (Her kallis julekvelden og julenatta kvelden og natta for første juledag.) Kveldsbordet stod dukka med maten til juledagsmorgoun, og vart nokon seiltu om natta sto dei opp og åt. Alle låg for det miste med gangklada på.
2. Halmen var laus og vart lagt i eit jamnt lag så vidt som flatsenga skuldi vera.
4. Alle skuldi sova i flatsenga i stova julenatta. Og det vart gjort for at alle skuldi vera like. I den tid låg drungum og fausem i stall og fjös, og når alle skuldi ligga i stova saman med sjölfolket, så var det inga anna råd enn flatseng. Difor halmen så det ikkje vart så hardt å ligga. Julemorgoun vart halmen bore ut og stova gjort rein.

4412